

Årsmelding for IL Bjørn Handball 2013.

Styret i Handballgruppa 2013:

Ingrid M Slinde (leiar)

Gunn Erene Sandvik

Oddmund L Hoel

Jorunn S Sie.

Handballgruppa

IL Bjørn Handball har for sesongen 2013/2014, 8 lag som er med på ordinært seriespel. I tillegg har me deltatt og arrangert minihandball for aldersgruppa 9 år. Totalt er det med 110 utøvarar på treningar og kampar. Dette er ein oppgang på 23 utøvarar frå sist sesong! Me var aktivt ute i haust og fekk rekruttert nye frå heile kommunen, særleg i dei yngste klassane.

For handballgruppa utgjer totale aktivitetstimar for gjennomførte treningar og kampar i 2013 om lag 10 000 timar, som i 2012. I tillegg kjem den formidable innsatsen som vert lagt ned av særleg trenarar og lagleiarar.

Jentelag

Handballgruppa til IL Bjørn har i mange år hatt flest jentelag og denne sesongen har det vore tilbod for alle i aldersgruppa 9-15 år. Vi har valt å slå saman alderskulla 12-13 år for å klare å stille nok spelarar. Lite spelarar for j15 har ført til lån av spelarar frå j14. Det er ei utfordring å få alle til å halde fram, og særleg etter 15/16 år. Dette er nok samansett av mange faktorar m.a.; ny skule, klubbskifte, andre interesser som t.d. fotball. Dette er spesielt beklageleg for dei som ønskjer og satse, samt grunnlaget for vidare rekruttering.

Gutelag

Handballgruppa har dei siste åra hatt eit mål om å få til eit godt tilbod for gutar og har i år meldt på lag for 9, 10, 11 og 12 år. 12-årslaget har 2 13-åringar med. Det var dessverre ikkje nok spelarar i dei eldre årsklassane.

Damelag

Mange jobba hardt for å få til eit damelag sesongen 13/14, dette lukkast diverre ikkje. Håpet er at det neste år vert sopass mange i 16-årsgruppa som ønskjer å supplere dei eksisterande spelarane. Me ser at det å ha eit damelag er svært viktig for rekrutteringa. Heldigvis har det vore ein del av dei som er aktuelle for damelag tatt eit tak som trenara og det set me svært stor pris på!

Treningstider

Treningstider i hallen er eit puslespel, då det er sopass mange som ønskjer timar. Det er viktig at handball vert prioritert med timar i hallen. Då ikkje alle dagar passar har me i tillegg til hallen vore noko i gamle idrettshallen, og lånt timar frå Hafslø fotball når dei ikkje har nytta timane sjølv.

Breidda

Det er breidda som sjølvstekt er viktigast og der har me i år fått ein bra stall. Me gler oss over at laga gjer det svært godt i fylkesserien. For dei aller yngste er fokuset på at det skal være moro å spele handball. I dei eldste klassane er ein meir oppteken av prestasjon og resultat. Me må særleg nemne utruleg gode krefter både frå trenarar, lagleiarar og foreldre/støtteapparat. Utan dei hadde det vore umogleg å vere med.

Me har fått kjøpt inn m.a. ballar og vestar i år. Det gjer kvardagen lettare sidan me har hatt sopass mange spelarar, særleg i dei yngste klassane. Me har og fått kommunen til å kjøpe inn ein del felles utstyr i hallen i lag med dei andre gruppene. Me har hatt åtte domarar i aksjon frå IL Bjørn, seks av dei 15/16-åringar. Alle domarane har gjort ein strålande innsats.

Styret har hatt styremøter ved behov og i tillegg møter med einskildgrupper / personar / lagleiarar / trenarar. Det har vore godt samarbeid med kretsen og leiar har deltatt på fellesmøter med dei andre laga i regionen.

Gaupne 19. februar 2014

Ingrid M Slinde

Leiar Handballgruppa 2013-14